

Bruk 1,B på Skorpo - innspel til Kulturminneplan.

21.09.2020



Ei gruppe bed om at Bruk 1 på Skorpo vert omtalt i Kulturminneplan for Kvinnherad.

Ei gruppe på fem medlemer, som har arbeidd etter metoden Gjestebod, har sendt innspel til ny kulturminneplan i Kvinnherad kommune. Gruppa har samla seg om bruk 1, B på Skorpo, det som ofte vert kalla Tunet i det blå, etter tittelen på Herbrand Lavik sin roman på John Griegs forlag 1945. Arbeidsgruppa har vurdert den kulturhistoriske verdien ved å ta vare på gardsbruket etter at den siste eigaren, Johannes Hauge, døydde i 2019.

I eit såkalla gjestebod skal gruppa svara på tre spørsmål:

1. Vel ut to til tre kulturminne/kulturmiljø i nærmiljøet og fortel om desse, mellom anna om historia, bakgrunnen, alder og bruk før og no.
2. Kva meiner gruppa bør gjerast for å ta vare på kulturminne for framtida
3. Lag ei prioriteringsliste over kulturminne/kulturmiljø - kva er viktigast å verna.

Tunet har fått mykje merksemd dei siste 30 åra, særleg av to grunnar: Plassering og driftsform. Tunet ligg oppe i Skorpo med utsyn til fjorden og mektige fjell. Bruket har vore drive på gamlemåten med kultureng og eit rikt planteliv like fram til 2019.



Tunet med bygningar og kulturlandskapet rundt ligg vakkert til med mektige fjell i bakgrunnen.

Driftsform med liten grad av endringar og mekanisering gjer at plassen har stor kulturhistorisk verdi. Tunet med røykstove og innbu frå 1700 talet er autentisk. Den gamle floren er intakt, løa med plass til høyet er til forfalls. Eit stort stabbur er godt brukande. Det er fleire andre hus i tunet.

Bygningsvernksulenten, Bjørn Arve Lunde, skriv ein rapport om tunet og heilskapen kring. Område kan vera interessant for arkitektstudentar i samband med oppgåver. Fylkesantikvaren bør koma med i denne vurderinga.

Bruk 1, B på Skorpo er godt dokumentert i bygdebøker, historiske artiklar, TV program og nedskrive livsminne. Bruket er bygsla under bruk 1.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal